

Konfirmantane var med i gudstenesta

03.04.2011



Konfirmantane var med og illustrerte preika

I kveld var det samtalegudsteneste i kyrkja og kva tyder no det?
Det tyder at konfirmantane (som det er 17 av dette året) var
aktive deltagarar i gudstenesta.
Dei var svært aktive og løyste oppgåva si bra.



- og dei las eigne svar på spørsmål stilt under opplæringa

Dei var med i både tekstlesing og bøn, dei las svara på spørsmål
dei har fått under konfirmant-opplæringa og dei var med og illustrerte
preika til sokneprest Kristian Due.

Dagens evangelium var om brødunderet og soknepresten aktualiserte
det med å streka under at vi produserer nok mat i verda - det er
fordelinga som sviktar. 58 prosent av verdas folk lider under feil- eller
underernærings- og kvart sjette dødsfall har samanheng med dette.

Due kom med ein apell om kamp mot økonomist urett. Han stilte spørsmålet
om det nyttar og kyrkjelydssekretær Oddbørg Heimark svara slik i
'kunngjeringsspalta' si:

- Det nyttar at vi bryr oss, elles blir skeivfordelinga enda større.
Også konfirmantane var svært aktuelle - dei hadde til dømes med både Japan og
Libya i bøna til slutt.

På spørsmålet om eit spesielt bibelord hadde gjort inntrykk på konfirmantane
var svaret Johannes 3,16.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen